



# KYSTVERKET

Vest

Meland kommune  
postmottak@meland.kommune.no  
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.: 15/1419 – 15/13498  
Vår ref.: 2014/1043-16

Arkiv nr.:

Saksbehandlar:  
Johan Sørensen

Dato:  
10.08.2015

## Uttale - Blom Fiskeoppdrett AS og søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for flytting av oppdrettsanlegg frå Laksevika til Holme

Vi viser til brev av 30. juni 2015 vedkomande søknad om dispensasjon frå kommuneplanen i samband med flytting av anlegg ved Laksevika til ny lokalitet ved Holme i Meland kommune. Bakgrunn for søknad om flytting heng saman med manglande moglegheit for oppgradering og utviding av anlegget ved Laksevika, i hovudsak knytt opp mot Forsvarets interesser innan militært forbodsområde. For Blom Fiskeoppdrett AS er det påkrevd med ein alternativ og betre lokalitet.

I plansamanheng ivaretek Kystverket omsynet til sikker ferdsel og god framkomelegheit på sjø samt forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet.

Anlegget søkes lokalisert i Herdlefjorden, en viktig farlei for sjøtrafikk langs kysten og trafikk til og frå Bergensområdet. Farleia inngår også som eit viktig element i samanheng med etablering av alternativ innsegling til Bergen. Vi nemner også at Mjåtveit, noko lenger sør i fjorden, inngår som eit av fleire alternativa for etablering av ny hamn i Bergensområdet. Desse tiltaka vil generere ytterlegare trafikk i fjorden i tillegg til den som allereie er.

Anlegget som nå søkes etablert vil bestå av sju 160 meters plastringar i rammefortøyningar à 100 x 100 meter i ei rekke. Dette inneber at det vil strekke seg om lag 800 meter ut i fjorden, og såleis legge beslag på store deler av farleisarealet i fjorden.

Ut frå omsynet til ivaretaking av trygg og sikker ferdsel samt god framkomelegheit kan ikkje Kystverket godkjenne et anlegg som legg beslag på ein så stor del av fjorden, og såleis kan ein ikkje akseptere at det blir gitt dispensasjon for eit så stort sjøområde frå kommuneplanen som omsøkt.

Ein vil likevel peike på alternativer, om anlegget blir korta inn, eventuelt at det blir lag ut i to parallelle rekkjer vil, dette bli vurdert som eit betre alternativ, sett ut frå dei interesser vi skal ivareta. Dette inneber at sjøområdet det søkes dispensert frå i

### Vest - Plan- og kystforvaltningen

Sentral postadresse:	Kystverket Postboks 1502 6025 ÅLESUND	Telefon:	+47 07847	Internett:	www.kystverket.no
		Telefaks:	+47 70 23 10 08	E-post:	post@kystverket.no
For besøksadresse se	www.kystverket.no	Bankgiro:	7694 05 06766	Org.nr.:	NO 874 783 242

Vi ber om at brev, sakskorrespondanse og e-post vert adressert til Kystverket, ikkje til avdeling eller enkeltperson

kommuneplanen må vesentleg reduserast. Vi nemner at Kystverket kan bistå søkar med å finne ein optimal plassering av anlegget sett i forhold til dei interesser vi skal ivareta.

Med helsing

Knut Stenevik  
avdelingssjef

Johan Sørensen  
seniorrådgivar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakere:

Fiskeridirektoratet region Vest  
Hordaland fylkeskommune  
Blom Fiskeoppdrett AS

postmottak@fiskeridir.no  
hfk@post.hfk.no  
post@blomsea.no

5804 BERGEN  
5020 BERGEN  
5337 RONG